



Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal

Støtte til kultur- og naturbasert næringsutvikling 2025

For 2025 er det anledning til å søke om midlar til kultur- og naturbasert næringsutvikling. Interkommunalt politisk råd (IPR) for Nord-Gudbrandsdal definerer kultur- og naturbasert næringsutvikling som ein aktivitet med kommersielt fokus som byggjer på regionen sin natur- og kulturrikdom.

IPR ønsker at aktivitetane kan bidra til ei utvikling og modernisering av næringar innan opplevingar i regionen, og at dei skal gje økonomiske ringverknader. Eksempel på økonomiske ringverknader kan vera overnatting, servering, transport, varehandel, honorar til friviljug sektor m.m.

Søknadsfrist: 01.02.2025

Søknaden med budsjett og finansieringsplan sendast til: e-post@regionkontoret.no

Retningsliner for å søke:

Løyvingar skal tildelast etter desse retningslinene:

1. Aktiviteten skal ha privat eller friviljug eigarskap.
2. Aktiviteten skal ha kommersielt fokus som gjev økonomisk effekt for bedrifter og/eller frivillig sektor.
3. Årvisse aktivitetar med underskot over fleire år må vise til nødvendig omstilling/utvikling for å bli prioritert.
4. Arrangør skal leggje fram eit budsjett med minimum 50 % eigeninnsats i form av billettinntekter, salsinntekter, egenkapital og/eller arbeidsinnsats.
5. Aktiviteten skal eigast av ein registrert organisasjon (registrert i foretaksregister eller frivillighetsregister). Som hovudregel skal forretningsadresse vera i Nord-Gudbrandsdal.
6. Kostnader til fysiske investeringar kan ikkje vera ein del av søknadsgrunnlaget
7. Aktiviteten skal gjennomførast i Nord-Gudbrandsdal.
8. Aktiviteten bør ha eit langsiktig perspektiv med utviklingspotensial.
9. Aktivitetar som fremjar samarbeid blir prioritert.